

# ARBEIDSDOKUMENT 1/26 - BUDSJETT 2027 OG ØKONOMIPLAN 2027-2030

## Innhold

1. Innleiing .....	1
2. Status kommuneøkonomi.....	2
3. Overordna utfordringsbilete .....	4
4. Veggen vidare .....	8

## 1. Innleiing

Kommunedirektøren legg fram arbeidsdokument 1-26 i samband med budsjett 2027 og økonomiplan 2027 – 2030. Formannskapet tek i denne saka stilling til prosess og økonomiske måltal. Arbeidsdokument 1 er oppstarten av arbeidet med årsbudsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030, og skal leggje føringar for det vidare strategiske og økonomiske arbeidet. Arbeid med økonomiplan og årsbudsjett er heimla i kommunelova § 14-1 og 14-3. Krav om handlingsdel til kommuneplanen er heimla i plan og bygningslova § 11-2. Lovene opnar for samordning av handlingsdel og økonomiplan.

### Prosess og framdrift

Formannskapet har møte tilnærma kvar månad. Det er lagt opp til at formannskapet skal arbeide med budsjettet gjennom året, ved å behandle arbeidsdokument som omhandlar ulike delar av budsjettet. Det er eit mål at budsjettarbeidet skal ha god forankring både i organisasjonen og hjå folkevalde. Prosess og framdrift skal sikre rom for medverknad.

#### Tilråding 1:


Formannskapet vedtek slik framdrift for arbeid med budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030:

- 23.april: Arbeidsdokument 1/26 - forankring, framdrift og prosess
- 11.juni: Arbeidsdokument 2/26 - prioriteringar, økonomiske rammer
- 27. aug: Arbeidsdokument 3/26 – arbeidsmøte formannskapet
- 17.sept: Arbeidsdokument 4/26 – handsame innspel til budsjett
- 22.okt: Arbeidsdokument 5/26 -sentrale inntekter, framlegg til investeringar
- 26.nov: Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett
- 17.des: Kommunestyret handsamar budsjett og økonomiplan

## 2. Status kommuneøkonomi

### Utvikling netto driftsresultat

Rekneskap 2025 syner at netto driftsresultat er 3,7% og over måлтаlet på 1,75%. Dette gjev rom handlingsrom til å anten overføre eigenfinansiering til investering, ekstraordinær nedbetaling av gjeld eller avsetning til disposisjonsfond. Netto driftsresultat syner at kommunen i 2025 hadde noko økonomisk handlingsrom på kort sikt t.d. innanfor budsjettåret.




Kjelde: Framsikt, Årdal kommune. Basert på førebelse tall KOSTRA-2025.

Teknisk berekningsutval si tilråding er at kommunar over tid ha reit netto driftsresultat på mellom 1,75% og 2%.

### Utvikling disposisjonsfond

Storleik på disposisjonsfondet er no 47,3 mill. kr og utgjer 5,9% av brutto driftsinntekter. Det er ei netto avsetning til disposisjonsfond på 20,2 mill. kr i 2025. Storleiken på disposisjonsfondet er no over måлтаlet på 5%. Tala nedanfor syner likevel at Årdal kommune har lågare nivå på disposisjonsfondet enn kommunane som er valt og Kostragruppa. Disposisjonsfondet kan vere eit uttrykk for kva handlingsrom kommunen har på litt lengre sikt, innanfor økonomiplanperioden. At kommunen har relativt lite på disposisjonsfondet betyr difor t.d. at kommunen raskt må tilpasse seg endra


rammevilkår. Mange kommuner har måltal på 10% for disposisjonsfond. Teknisk berekningsutval har ikkje konkrete tilrådingar, men minst 5% blir ofte uttalt.



Kjelde: Framsikt, Årdal kommune. Basert på førebelse tall KOSTRA-2025.

### Utvikling gjeldsgrad

Netto lånegjeld er ved utgangen av 2025 er under måltalet på 75%. Dette betyr at kommunen bør ha handlingsrom på lang sikt til å gjere naudsynte investeringar og tilpasse struktur til endra rammevilkår t.d. gjere naudsynte investeringar innan oppvekst, helse og omsorg for å tilpasse struktur til endringar i demografien.



Kjelde: Framsikt, Årdal kommune. Basert på førebelse tall KOSTRA-2025.

### Tilråding 2:

Formannskapet vedtek følgjande måltal skal leggest til grunn som handlingsreglar for i økonomiplanlegginga for perioden 2027-2030:

1. Netto driftsresultat > 1,75%
2. Gjeldsgrad < 75%
3. Disposisjonsfond >10% av brutto driftsinntekter.

## 3. Overordna utfordringsbilete

### Folketal

Prognose dei neste ti åra syner vesentleg nedgang i folketalet. Sjølv om kommunen og andre gjer tiltak for å motverke nedgang i folketal, så er det viktig å vere realistiske i planlegginga framover.

Kriteriedata	IS 2026 med folketall per 1.7.2025	IS 2027 med folketall per 1.7.2026	IS 2028 med folketall per 1.7.2027	IS 2029 med folketall per 1.7.2028	IS 2030 med folketall per 1.7.2029	IS 2031 med folketall per 1.7.2030	IS 2032 med folketall per 1.7.2031	IS 2033 med folketall per 1.7.2032	IS 2034 med folketall per 1.7.2033	IS 2035 med folketall per 1.7.2034
Innbyggere ialt	5195	5183	5171	5137	5099	5061	5024	4988	4953	4919
0 år	39	38	41	40	39	38	37	37	37	37
1-5 år	213	222	229	227	227	220	212	208	205	202
6-12 år	381	383	386	381	371	362	354	344	336	326
13-15 år	178	182	173	164	165	171	170	170	166	164
16-22 år	380	368	370	381	379	376	377	379	382	376
23-24 år	97	91	90	90	94	94	93	89	88	96
25-66 år	2764	2734	2693	2648	2608	2560	2509	2466	2425	2387
67-79 år	737	742	757	776	782	792	811	829	848	856
80-89 år	323	339	347	345	351	367	376	377	373	377
90 år eller eldre	82	82	82	83	82	80	82	85	90	97

Kjelde: Framsikt, Årdal kommune. Basert på førebelse tall KOSTRA-2025.

### Omstilling i kommunale tenester


Dei kommunale tenestene i Årdal kommune har både eit innsparingsbehov og eit omstillingsbehov. Seks sentrale utviklingstrekk:

1. Årdal kommune har høgare driftsutgifter enn samanliknbare kommunar,
2. Framover vil det bli færre yngre og fleire eldre.
3. Stor bygningsmasse, og stort etterslep på vedlikehald
4. Statlege krav, og EU-krav
5. Færre i yrkesaktiv alder per pensjonist og utfordringar med rekruttering
6. Ei verd som endrar seg raskt, både digitalisering, klima, politisk og økonomisk uro

«Dei vanskelege B-ane» var oppsummeringa til Fylkeskommunen på utfordringsbiletet vi ser i offentleg sektor dag (Jf. Presentasjon på Sognatinget 13.04.26) I forhold til utviklingstrekkka ovanfor er det særleg «bemanning», «beredskap» og «bygg» som treff Årdal.

Digitalisering, klima og beredskap er tre gjennomgåande tema i alt omstillings- og endringsarbeid. Kapasitet og kompetanse er naudsynt for å følgje opp desse områda.

Figuren nedanfor syner teoretisk innsparingsmogelegheit på ulike tenesteområda i Årdal kommune, samanlikna med referansekommunar. Det er særleg pleie og omsorg og administrativ styring og fellestenester som har stor innsparingspotensiale jf. Oversikta nedanfor. Samstundes så er omstillingsbehovet stort i oppvekst.




Kjelde: Framsikt, Årdal kommune. Basert på førebelse tall KOSTRA-2025.

I budsjett 2025 er det vedteke omfattande innsparing og det er mange omstillingsprosjekt, store og små. Dette arbeidet må halde fram. Administrasjonen legg opp til at orientering om status kjem i samband med tertialrapporteringane i løpet av året. Årsrekneskap 2025 syner at vi er på rett veg, men KOSTRA-tala syner at vi bør halde fram omstillingsarbeidet.

## Omstillingskommune

Hovudutval for næring vedtok 14.04.26 at Årdal kommune får 5 mill. kr i 2026 og 5 mill. kr i 2027 til omstillingsarbeid. Tilskotet kan blir gitt i inntil 6 år. Årdal kommune er prosjekteigar. Årdal utvikling er prosjektleiar og har ansvar for gjennomføring. Strategihuset som er utarbeida i samband med søknaden, syner kva innsatsområde som gjeld for omstillingsarbeidet. Bakgrunn for omstillingsstatus er bortfall av arbeidsplassar m.a. konkurs Norun.



## Inntekter og utgifter

Oppdaterte prognosar på sentrale inntekter, renter og prisvekst kjem i samband med kommuneproposisjonen og RNB i mai. Prognose på andre inntekter eigedomsskatt, utbytte, statlege tilskot og refusjonar utarbeider kommunen sjølv. Potensiale for auka inntekter på sektorområda er avgrensa til dei områda som ikkje kjem inn under sjølvkostforskrifta.

Årdal kommune har eit omfattande eigarskap både strategiske og økonomisk motiverte. Det vil vere mogeleg å sjå på fleire synergjar mellom den kommunale verksemda og selskapa kommunen er engasjert i.

Gjennom regionalt samarbeid, primært Sognarådet IPS og Sogn KO, er Årdal kommune i gang med å etablere fleire interkommunale tenestesamarbeid. Samarbeid er viktig for å oppretthalde fagmiljø, kompetanse og forsvarleg tenesteyting. Ein strategi i forhold til tenestesamarbeid er viktig for å ha ei god forankring av slike prosessar.

### Tilråding 3:

Formannskapet legg til grunn at prioriteringar og økonomiske rammer byggjer på analysar, tilgjengeleg statistikk og innsikt/erfaring/læring.

## 4. Veggen vidare

Neste arbeidsdokument vert lagt fram i juni. God planlegging er viktig for god økonomistyring, men òg viktig for å må dei måla som blir vedtekne. Vedtekne planar, lokale vedtak, nasjonale og regionale krav og føringar omfattar mange mål og tiltak. For å synleggjere prioriteringar i planperioden bør handlingsdelen i økonomiplan inkludere ein mål og tiltaksstruktur.

### Medverknad

Det er viktig i planarbeidet å sikre brei involvering. Kommunale råd og utval, arbeidstakar sine organisasjonar med fleire er ynskjeleg å involvere i budsjettprosessen og generelt i planarbeid. Brukarmedverknad vil primært vere på tenestenivå.

### Prioriteringar

Punkta nedanfor er gjev rammer for arbeidet med økonomiplan som skal bidra til at budsjett2027 og økonomiplan 2027-2030 skal vere eit verktøy i utvikling av kommunen.

- Økonomiske rammer for sektorområda som speglar demografi og fastset mål for utvikling, omstilling og innsparing.
- Økonomiske rammer som gjev rom for å prioritere utviklingsarbeid innanfor digital transformasjon, klima og beredskap.
- 10-års investeringsplan der tenesteområda sine omstillingsbehov vert vektlagt.

#### **Tilråding 4:**

Formannskapet legg til grunn at handlingsdelen i økonomiplan inkluderer ein mål og tiltaksstruktur som speglar prioriteringane som vert gjort i neste 4-årsperiode. Mal for mål og tiltaksstruktur vert lagt fram som ein del av arbeidsdokument 2.